



MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE  
Postboks 2500  
6404 MOLDE

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Thomas Aurdal, 71 25 84 67

## Møre og Romsdal fylkeskommune - Vedtak om løyve til utfylling og mudring ved Linge ferjekai i Fjord kommune

---

**Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev Møre og Romsdal fylkeskommune løyve etter forureiningslova til tiltak i sjø ved Linge ferjekai i Fjord kommune. Løyve med vilkår fylgjer vedlagt.**

**Vi vedtek eit gebyr på kr 35 000 for sakshandsaminga.**

---

Vi syner til søknad av 19.01.2022 om tiltak i sjø ved Linge ferjekai i Fjord kommune.

### Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev med dette Møre og Romsdal fylkeskommune løyve til mudring, sprenging utfylling og nedsetting av pålar ved Linge ferjekai, gnr. 1 bnr. 24, i Fjord kommune. Løyvet er gjeve med heimel i lov av 13.03.1981 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) § 11, jf. § 16 og i medhald av forskrift av 01.06.2004 om å redusere forureining (forureiningsforskrifta) § 22-6. Statsforvaltaren har ved avgjerda og ved fastsetting av vilkår lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaka samanlikna med dei fordelar og ulemper som tiltaka elles vil medføre. Det er satt vilkår for løyvet. Løyvet med vilkår fylgjer vedlagt dette brevet.

Det kan gjerast endringar i løyvet i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor liggje føre i god tid før endringane ynskjust gjennomført.

Sjølv om det er gjeve løyve til forureininga, kan ein framleis ha erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap som skyldast forureininga, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

### Bakgrunn

Norconsult søkte 20.01.2022 om løyve etter forureiningslova til tiltak i sjø ved Linge ferjekai, gnr. 1 bnr. 24, i Fjord kommune. Tiltaka omfattar nedsetting av pålar for etablering av ny kai. Totalt skal det settast ned 36 pålar (6 pålar med stålkjerne og 30 stålrørspålar). Pålane må borast eller rammast



gjennom lausmassane og ned i berget. Tiltaka omfattar òg etablering av halvbru, noko som medfører behov for sprenging av lag 10 m<sup>3</sup> berg i sjøen, graving på land (om lag 1 590 m<sup>3</sup>) og i sjø (om lag 390 m<sup>3</sup>) og utfylling i sjø for erosjonssikring (om lag 500 m<sup>3</sup>). I tillegg skal den eksisterande ferjekaia rivast, noko som inneber fjerning av om lag 930 m<sup>3</sup> massar, der 730 m<sup>3</sup> er i sjøen. Det skal òg etablerast ei utfylling i sjø ved den gamle kaia på om lag 1 600 m<sup>3</sup> og 150 m<sup>2</sup> sjøareal.

Hensikta med tiltaka er at det skal byggast ei ny ferjekai ved Linge som del av eit prosjekt for elektrifisering av ferjesambandet Linge-Eidsdal. Utbyggingsperioden er estimert å ville vere på om lag eitt år.

### **Høyring og innspel**

Søknaden var på høyring til 22.02.2022. Vi fekk inn dei fylgjande innspela og kommentarane:

#### Kystverket (21.01.2022)

Kystverket er kysten sin samferdselsetat. Dei gjer merksam på at tiltaket er søknadspliktig etter hamne- og farvasslova § 14. Det kan ikkje fattast vedtak etter hamne- og farvasslova i strid med gjeldande arealplan utan at det føreligg dispensasjon frå plan, jf. hamne- og farvasslova § 14 fjerde ledd. Kystverket har elles ingen vesentlege merknadar til Statsforvaltaren si handsaming av tiltaket etter forureiningsregelverket.

#### Nettverk Marin Forsøpling Møre og Romsdal (28.01.2022)

Nettverk Marin Forsøpling Møre og Romsdal er ein samlearena for dei i fylket som jobbar med marin forsøpling. Dei syner til fleire medieoppslag den siste tida om funn av sprengtrådar i Ålesund-området etter tiltak i sjø, og påpeker at det er viktig med tiltak for å unngå spreining av plast frå fyllmassar. Dei forventar at det vert stilt krav om tiltak for å unngå ny forsøpling, og at desse krava vert følgd opp. Dei forventar at det gjerast ein innsats med opprydding dersom det skulle skje at det spreiest sprengtrådar under tiltak i sjø.

#### Bergens Sjøfartsmuseum (04.02.2022)

Sjøfartsmuseet skriv at dei ikkje kjenner til kulturminne ved Linge ferjekai som kan verte direkte råka av tiltaket. Dei har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Dei har derfor ingen merknadar til arealinngrepet.

Vidare skriv dei at det likevel er mogleg at det er kulturminne i området. Dei gjer difor merksam på meldeplikta ved funn av skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

### **Statsforvaltarens vurderingar**

Dei aktuelle tiltaka omfattar utfylling, mudring, graving, sprenging og nedsetting av pålar på forureina sjøbotn. Vi meiner tiltaka medfører risiko for vesentleg spreining av miljøgifter og partiklar i sjøen og at det difor er behov for eit løyve etter forureiningslova § 11. Mudring/oppgraving av massar frå sjøbotnen krev, dersom aktiviteten utførast frå skip, løyve i medhald av forureiningsforskrifta § 22-6.

#### Sedimentforureining og spreining av partiklar

I forbindelse med prosjektet er det utført prøvetaking på sjøbotnen ved tre stasjonar ved Linge ferjekai. Sum PAH16 vart målt til eit nivå tilsvarande tilstandsklasse IV, jf. Miljødirektoratet sin rettleiar M-608/2016, i ein av stasjonane og klasse III i dei to andre. TBT (tributyltinn) vart målt til klasse III i to stasjonar og klasse II i ein. Koppar vart målt til klasse II i ein stasjon og bakgrunnsnivå i dei andre. Nikkel vart målt til klasse II i ein stasjon og bakgrunnsnivå i dei andre.



Sjøbotnen nærast land der den nye ferjekaia skal etablerast, skildrast som i hovudsak beståande av grovare massar, men lenger ut aukar finstoffinnhaldet med djupna. Der halvbrua skal etablerast er sjøbotnen skildra som i hovudsak beståande av grovare massar som blokk og stein, med lågt innhald av finstoff. Også i området som skal fyllast ut skildrast sjøbotnen som grov, beståande av blokk, stein og grus.

Konsulenten vurderer at lokaliteten ikkje er eigna for siltgardin mot spreining av partiklar, då tiltaksområdet er stort og det ikkje er gode forankringsmoglegheiter. Vidare vurderer konsulenten at spreining av partiklar ved mudring og utfylling i dette området ikkje vil vere eit stort problem. Konsulenten skriv at boreslam som samlast opp skal sendast til godkjend mottak og at det skal nyttast varselladningar (salver med låg intensitet) for å skremme vekk sårbar biota i forkant av sprenging.

Vi sluttar oss til konsulentens vurdering at det ikkje er behov for omfattande avbøtande tiltak mot partikkelspreining under tiltaket. Det er viktig at alt arbeid utførast skånsamt for å redusere belastninga på naturmiljøet, jf. vilkår 4.3. Berre reine og eigna massar skal nyttast til utfylling i sjø, jf. vilkår 4.4. Visuell overvaking skal utførast for å ha kontroll på spreining av partiklar og avfall, jf. vilkår 5.1. Boreslam må i størst mogleg grad samlast opp, jf. vilkår 4.7. Ved sprenging skal det fyrst fyrast av varselladningar for å skremme vekk fisken, jf. vilkår 4.6.

#### Sprengtrådrestar og anna avfall

Sprengsteinmassar kan ofte innehalde restar av sprengtråd og anna avfall. Desse kan gjeve opphav til marin forsøpling når massane fyllast ut i sjø.

I søknaden er det oppgitt at det vil verte nytta reine massar som skal køyrast til tiltakslokaliteten. Det er oppgitt at det vil kunne vere restar av tennssystema i massane. Massane som skal nyttast til erosjonssikring består av større blokkar, og inneheld difor i liten grad plastavfall. Som tiltak for å redusere plastforsøpling er det oppgitt at det skal nyttast sprengstein som er sprengd ut ved hjelp av elektroniske tennsystem. Desse gjev mindre plastavfall enn tradisjonelle tennsystem.

Det er viktig at tiltaksarbeidet i så liten grad som mogleg medfører spreining av plast og anna avfall i det marine miljøet. Vilkår 4.8 i løyvet sett krav om tiltak mot marin forsøpling.

#### Vurderingar etter naturmangfaldlova

Statsforvaltaren har vurdert tiltaka etter *Lov om naturens mangfold* (naturmangfaldlova) § 8-12.

Vurderingane våre har hatt utgangspunkt i informasjon tilgjengeleg i *Naturbasen* og Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy og i informasjon som følgde med søknaden. Vi finn at den føreliggjande kunnskapen er tilstrekkeleg til å handsame søknaden, jf. § 8 i naturmangfaldlova, og difor legg vi ikkje spesiell vekt på føre-var-prinsippet i denne saka, jf. § 9.

I *Naturbasen* er det registrert kalkskog, verdivurdert til svært viktig, i lia over ferjekaia der tiltaka skal gjerast. Kalkskogen vil ikkje verte påverka av tiltaka.

I Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy er det registrert eit gytefelt for blålange i Norddalsfjorden om lag 3,3 km vest for tiltaksområdet. Det er oppgitt at blålanga gyter i perioden februar-mars. Då avstanden er stor, ventar vi ingen vesentleg påverknad på gytefeltet.

Fiskefelt for passive reiskap er registrert fleire plassar i fjorden. Dei næraste ligg om lag 1,5 km i retning aust og vest for tiltaksområdet. Det er òg eit større fiskefelt i fjorden utanfor Eidsdal.



Avstanden til fiskefelta er vesentleg. Tiltakshavar kan vurdere å varsle lokale fiskarlag i forkant av sprengingsarbeid.

Dei næraste akvakulturlokalitetane er 13554 Overåneset, som ligg om lag 3,8 km vest for tiltaksområdet, og 12839 Vindsnes, som ligg om lag 4,3 km aust for tiltaksområdet. Då avstandane er betydelege, ventar vi ingen vesentleg påverknad. Tiltakshavar bør vurdere om anlegga må kontaktast i tilknytning til planlegging av sprenging i sjø.

Etter § 10 i naturmangfaldlova skal ein påverknad på eit økosystem alltid vurderast ut ifrå den samla belastninga som økosystemet vert usett for. Dei aktuelle tiltaka er ikkje veldig omfattande, og løyvet har vilkår som skal redusere den negative påverknaden på miljøet. Vi finn at tiltaka ikkje vil medføre eit vesentleg bidrag til den samla belastninga på økosystemet i området.

Etter § 11 i naturmangfaldlova skal tiltakshavar dekkje kostnadane ved å hindre eller redusere eventuell skade på naturmangfaldet i eit tiltaksområde dersom dette ikkje er urimeleg med utgangspunkt i tiltaket sin karakter og den eventuelle skaden. I denne saka finn Statsforvaltaren det rimeleg at tiltakshavar får gjennomført og dekt eventuelle kostnadar av avbøtande tiltak slik dei vert skildra i løyvet. Dei avbøtande tiltaka er òg i tråd med § 12 i naturmangfaldlova, der det settast krav om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller redusere skadar på naturmangfaldet.

#### Vassdirektivet

Tiltaka skal utførast i vassførekomsten som heiter Borgundfjorden-vest. I databasen *Vann-nett* har denne førekomsten moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand. Nye inngrep i ein vassførekomst kan, ifylgje *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta) normalt ikkje utførast dersom tiltaka medfører risiko for at førekomsten sin økologiske status vert forringa. Tiltaka det søkjast om løyve til er ikkje veldig omfattande, og det er vilkår i løyvet for å redusere belastninga på miljøet. Vi vurderer at tiltaka ikkje gjev risiko for reduksjon av den økologiske statusen til vassførekomsten.

#### Konklusjon

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal tillèt tiltak i sjø etter fastsette vilkår. På bakgrunn av desse vilkåra, finn vi at tiltaka ikkje vil medføre spreining av forureining eller belastning på naturmiljøet som er uakseptabelt stor samanlikna med samfunnsnytta ved tiltaka.

#### **Erstatningsansvar**

Løyvet gjer ikkje at den ansvarlege ikkje har erstatningsansvar for forureiningskade etter forureiningslova § 10 og kapittel 8.

#### **Klagemoglegheiter**

Vedtaket kan klagast inn til Miljødirektoratet etter reglane i kapittel VI i forvaltingslova av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå avgjerda er motteke. Ei eventuell klage skal nemne kva det klagast over og den eller dei endringar som ynskjast. Klaga skal grunnjevast, og opplysningar som kan ha relevans for saka bør nemnast. Dersom vedtaket klagast på, kan Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal tre i kraft før klaga er endeleg avgjort, jf. 42 i forvaltingslova. Klaga skal sendast via Statsforvaltaren. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at iverksettinga av vedtaket vert utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eget initiativ bestemme at vedtaket ikkje skal startast opp før klagefristen er ute eller klaga er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om iverksetting kan ikkje klagast på.



## Vedtak om sakshandsamingsgebyr

Tiltaket er plassert under gebyrsats 6, jf. *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) av 01.06.2004 kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova § 39-3 og 39-4. Dette inneber at tiltakshavar skal betale eit gebyr på kr 35 000 for sakshandsaminga. Faktura med innbetalingsblankett vert send ut av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato. Ressursbruk knytt til sakshandsaminga er lagt til grunn ved fastsettinga av gebyrsats. Til denne høyrer gjennomgang og høyring av søknaden, korrespondanse med søkjaren og utarbeiding og ferdigstilling av løyvet. Innsats frå andre fagpersonar hos Statsforvaltaren inngår òg.

Vedtaket om gebyrsats kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør grunnjevast og skal sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga vert ikkje gjeve oppsettande verknad, og det fastsette gebyret må difor betalast i samsvar med det som er nemnd over. Dersom Miljødirektoratet aksepterer klaga, vil det overskytande beløpet verte refundert. Forureiningsforskrifta er tilgjengeleg på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no).

## Offentleggjing av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjend, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Den som har fått løyve, skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, informasjon om kvar ein kan få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for ei eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet er gjeve. Verksemda kan gjerne nytte sin eigen logo i kunngjeringa. Statsforvaltaren sin logo skal ikkje nyttast. Dette er vårt forslag til kunngjeringstekst:

*Møre og Romsdal fylkeskommune får løyve etter forureiningslova til tiltak i sjø ved Linge ferjekai i Fjord kommune. Tiltaka omfattar mellom anna mudring, nedsetting av pålar og utfylling Hensikta er å bygge ny kai for elektrifisering av ferjesambandet.*

Vedtak med løyve og informasjon om klagemoglegheiter kan lesast på nettsida til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, [www.statsforvalteren.no/Mr](http://www.statsforvalteren.no/Mr) under «Forureining og avfall» og «Kunngjeringar».

## Datoar og fristar

- Vedtaket skal kunngjerast av tiltakshavar i dagspressa så snart som mogleg
- Det skal sendast oppstartsmelding til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal når tiltaket startast opp. Meldinga kan sendast på e-post til sakshandsamar på e-post [thomas.aurdal@statsforvalteren.no](mailto:thomas.aurdal@statsforvalteren.no).
- Måleresultata i miljørapporten som følgde med søknaden skal registrerast i databasen *Vannmiljø* **innan 31. mai 2022**, jf. vilkår 6.1 i løyvet
- Sluttrapport i tråd med vilkår 6.2 i løyvet skal sendast til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at tiltaka er ferdig utført.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)  
fagleiar

Thomas Aurdal  
senioringeniør



*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1

Løyve

**Kopi til:**

**FJORD KOMMUNE**

**RUNDE MILJØSENTER AS**

**Postboks 144**

**Runde**

**6211**

**6096**

**VALLDAL**

**RUNDE**



## Løyve til tiltak i sjø ved Linge ferjekai i Fjord kommune

Løyvet er gitt i medhald av [lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall](#) § 16 og forskrift av 01.06.2004 om begrensning av forureining (forureiningsforskrifta) kapittel 22 om mudring og dumping i sjø og vassdrag. Det er satt vilkår etter forureiningslova § 16. Løyvet kan ikkje nyttast før det òg føreligg naudsynte løyve eller avklaringar etter plan- og bygningslova, hamne- og farvasslova og kulturminnelova.

Verksemda må avklare skriftleg på førehand med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eventuelle endringar den ønskjer å gjere i forhold til opplysningar i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig påverknad.

Løyvet gjeld frå dags dato og er gyldig fram til **31.12.2025**.

### Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

Bedrift	Møre og Romsdal fylkeskommune
Lokalisering/gateadresse	-
Postadresse	Postboks 2500, 6404 MOLDE
Org. nummer (bedrift)	944 183 779
Lokalitet for tiltaket	Linge ferjekai
Gards- og bruksnummer for tiltaket	Gnr. 1 bnr. 24
Koordinater for tiltaket (UTM 32)	X: 405907, Y: 6907206
Kommune tiltaket utførast i	Fjord

### Statsforvaltarens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse <sup>1</sup>	ePhorte
2022.0091.	1578.0062.01	4	2022/476
Løyve gitt:	Endringsnummer:	Sist endra:	
23.02.2022	-	-	

Christian Dahl (e.f.)  
fagleiar

Thomas Aurdal  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

### Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Kva endring som er gjort
-	-	-	-

<sup>1</sup> Miljømyndigheitenes system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast.



## 1. Verkeområde for løyvet

Løyvet omfattar tiltak i sjø for oppgradering av Linge ferjekai i Fjord kommune, gnr. 1 bnr. 24. Under dette høyrer nedsetting av 36 pålar i sjø, sprenging av om lag 10 m<sup>3</sup> berg, bortgraving av om lag 1 950 m<sup>3</sup> massar (390 m<sup>3</sup> i sjø) ved halvbru, bortgraving av om lag 930 m<sup>3</sup> massar (730 m<sup>3</sup> i sjø) ved eksisterande ferjekai, erosjonssikring ved utfylling av om lag 500 m<sup>3</sup> massar i sjø og anna utfylling i sjø med om lag 1 600 m<sup>3</sup> massar.

## 2. Generelle vilkår

- 2.1 Det føresettast at tiltaket gjennomførast som angitt i søknaden datert 19.01.2022 dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.
- 2.2 Forureiningsmyndigheitens vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheiter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 2.3 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overheld. Tiltakshavaren pliktar å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.
- 2.4 Forureiningsmyndigheta, eller dei den gjev mynde til, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.
- 2.5 Statsforvaltaren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom føresettnadar gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Fylkesmannen har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stanse arbeidet.
- 2.6 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.
- 2.7 Ved funn, eller mistanke om funn, av kulturminne undervegs i arbeidet skal arbeidet stansast og Bergen sjøfartsmuseum kontaktast.

## 3. Internkontroll, beredskap og varslings

- 3.1 Tiltakshavar skal med ein gong varsle Statsforvaltaren om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureiningssituasjonen.
- 3.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene.
- 3.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslepp frå alle aktivitetar knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.





- 3.4 Den ansvarlege skal sørge for å ha den naudsynte beredskapen for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg høve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.
- 3.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som fylgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09.07.1992 om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har vaktberedskap 24 timar i døgnet og får meldingar frå brannvesenet om akutt forureining.
- 3.6 Støy frå anleggsarbeida og/eller anleggstrafikk skal ikkje overskride grenseverdiane i rettleiaren «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging» (T-1442/2016).

#### 4. Tiltak i sjø

- 4.1 Statsforvaltaren skal varslast når arbeidet startast.
- 4.2 Tiltaket skal gjerast i tråd med avgrensa område som vist i kartvedlegg til søknaden.
- 4.3 Mudring, boring, nedsetting av pålar og utfylling med massar skal utførast skånsamt for å redusere belastninga på naturmiljøet.
- 4.4 Utfyllingsmassane skal ikkje overskride konsentrasjonsgrensene tilsvarande tilstandsklasse II for sediment i Miljødirektoratet sin rettleiar for klassifisering av metall og organiske miljøgifter i vatn, sediment og biota (M-608/2016). Massane skal samstundes ligge innanfor normverdiane fastsett i forureiningsforskrifta kapittel 2 vedlegg 1. Det er ikkje lov å nytte reaktive bergartar. Massane skal vere eigna til føremålet. Det er ikkje lov å fylle ut med massar dersom hovudføremålet er å kvitte seg med massane.
- 4.5 Massar som gravast/mudrast opp skal handsamast og disponerast etter forureiningsgrad. Massar som ikkje kan nyttast til nyttige føremål skal sendast til godkjend mottak.
- 4.6 Ved sprenging i sjø skal det fyrst fyrast av varseladningar, slik at eventuell fisk i området svømmer unna før dei større ladningane fyrast av.
- 4.7 Ved boring skal det nyttast system og metodar der boreslammet i størst mogleg grad kan samlast opp og i minst mogleg grad spreiar seg i vassmassane. Boreslam skal sendast til godkjend mottak.
- 4.8 Det skal gjerast tiltak etter behov for å sikre at minst mogleg sprengrådstar og anna avfall frå fyllmassar spreiar seg i vatnet. Tiltak kan vere utsortering og oppsamling av avfallet.



Fortrinnsvis skal det nyttast massar der det er nytta elektroniske tennsystem ved sprenging. Massar som inneheld mykje sprengtrådrestar og anna avfall som kan spreie seg i vatnet skal ikkje nyttast til utfylling.

4.9 Tiltaket skal utførast under høvelege vind- og bølgetilhøve slik at det ikkje skjer uheldig spreieing av partiklar.

## 5. Kontroll og overvaking

5.1 Det skal gjennomførast visuell kontroll og overvaking av tiltaka med fokus på uheldig spreieing av partiklar, sprengtrådrestar og anna avfall. Dersom det vert observert spreieing av avfall som fylgje av tiltaka, eller det vert gjentakande problem med stor spreieing av partiklar i vatnet, skal dei avbøtande tiltaka styrkast.

## 6. Rapportering

6.1 Det skal sendast sluttrapport til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:

- Kort skildring av tiltaket og utført arbeid
- Skildring av avbøtande tiltak som vart utført for å redusere belastninga på miljøet og spreieing av partiklar, miljøgifter, sprengtrådrestar og anna avfall
- Eventuelle avvik eller uheldige hendingar som kan ha hatt påverknad på miljøet.

6.2 Utførte målingar av kjemisk tilstand i sedimenta (sjå datarapport datert 14.12.2021 frå Norconsult AS) skal registrerast i databasen *Vannmiljø* **innan 31.05.2022**. På databasen sine nettsider finnast rettleiing og ei oversikt over kva parameter som skal registrerast.